

«Bestefars historie»

fra Tolga til Dakota i 1916.

Seint på kvelden 17. mai 1916 gjekk båten Kristianiafjord ut frå brygga i Bergen. Om bord var to ungdommar frå Tolga, 14 og 16 år gamle. Dei to gutane var Olav og Magne Hagen, født på Skreddargarden på Tolga i ein syskenflokk på sju.

Mora Goro døydde i 1906, og nokre av søskena vart sett bort til slektingar. Olav kom til tanta si på Tynset, og var der til han vart konfirmert i 1915. Det året fekk han eit brev frå morbror sin i Amerika. Han ville at Olav og broren Magne skulle koma til han i Nord-Dakota og hjelpe til på farmen.

Våren 1916 hadde dei bestemt seg. Ein ungdom utan gard hadde ikkje så mange moglegheiter til å få arbeid den gongen, Amerika virka interessant, og når onkelen kunne låna pengar til billett, da var saken ganske grei.

Fyrste møte med Amerika den 28. mai var Ellis Island, også kalla for emigrantenes helvete. Dei kom på ein amerikansk høgtidsdag, og måtte vera der helga over. Heldigvis kom dei seg vidare, og neste etappe var toget til Minneapolis og tre døgn på harde trebenker.

Da dei kom til Lignite i Nord-Dakota hadde dei fått beskjed om å spørja kvar som helst etter onkel Pete. Og ganske riktig, på alle butikkane prata dei norsk, og onkel Pete kom halvtimen etter at butikkeigaren hadde ringt og varsla om at no var arbeidshjelpa nesten framme.

«Og så bar det utover prærien til vi kom til farmen. Der ble vi godt mottatt, til og med hunden var glad da vi kom»

Ein maidag i 1921 går to unge menn av toget på Tolga.

«Og der sto søster Sigrid og ventet på oss. Så vi kom oss da hjem. Det var slutten på vår Amerikatid som varte i ganske nøyaktig 5 år»

I påska 1974 gjorde sonen til Olav Hagen, Jens, eit lydbåndopptak med faren. Han skreiv det seinare ned, med tittelen «Fra Tolga til Dakota i 1916», og det kan lesast i årbok for Nord-Østerdalen 2004.

I 2005 reiste Jens O. Hagen og nevøen Jan Olav Schei i Olavs fotspor. Frå den turen finst både bilder og film.

I 2009 fekk Nord-Østerdalsmuseet ei gave frå fotograf Jens O. Hagen frå Drevsjø. Gava var bilder, negativer og fotoutstyr etter faren Olav Hagen. For ei månadslønn i Amerika kjøpte Olav seg eit fotografiapparat, og bilda han tok i Amerika dokumenterer miljøet i Nord-Amerika med mange